



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 21.11.2017

Sak nr.: 16/9296-24

Internt l.nr. 44103/17

Sak: 54/17

Tittel: Sognebåten

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sognebåten held fram som i dag med endestogg i Sogndal.
2. Det vert ikkje sett i verk styrka tilbod mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden.
3. Det vert ikkje innført differensierte takstar på båtane.

Endringsframlegg:

Fellesframlegg frå Arbeidarpartiet og Høgre:

1. Endestoppet til Sognebåten vert flytta til Flåm frå oktober 2018

Framlegg frå Arbeidarpartiet:

2. Dette blir finansiert med 250.000,- frå hovudutval for samferdsle sitt budsjett, og forutset at hovudutval for næring og kultur bidrar med tilsvarande sum. Restfinansiering vert opp til FU å avsetje.
3. Det vert utgreidd differensiert takstar på båtane.

Framlegg frå Høgre:

Nytt punkt 2:

Endringa vert finansiert innanfor ramma for kollektiv i 2019, mellom anna ved å endre takstharmoniseringa på ekspressbåt frå 2 til 5 år.

Avrøysting:

Fylkesrådmannen si tilråding i punkt 1 vart sett opp mot fellesframlegget frå Arbeidarpartiet og Høgre. Fellesframlegget vart vedteke mot 3 røyster, Gunn Sande og Sigurd Reksnes, Senterpartiet og Stein Malkenes, Miljøpartiet De Grønne.

Det vart røysta alternativt over punkt 2 frå Arbeidarpartiet og Høgre. Arbeidarpartiet sitt framlegg vart vedteke mot 4 røyster, Noralv Distad, Ole Gunnar Krakhellen og Tore Fossen, Høgre, og Arnstein Menes, Senterpartiet.

Framlegg til punkt 3 frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Endestoppet til Sognebåten vert flytta til Flåm frå oktober 2018
2. Dette blir finansiert med 250.000,- frå hovudutval for samferdsle sitt budsjett, og forutset at hovudutval for næring og kultur bidrar med tilsvarande sum. Restfinansiering vert opp til FU å avsetje.
3. Det vert utgreidd differensiert takstar på båtane.